



Anderssen Liv Fredrikke  
Klaus Hanssens vei 40  
5053 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4242 - 22/45919

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
16.06.2022

## Svar på førespurnad som gjeld hytteeigedom gbnr 70/23 Feste

Alver kommune viser til førespurnad om møte vedkomande oppføring av fritidsbustad på eigedomen gbnr 70/23, mottatt 23.05.2022, og samtale om saka i dag.

Det vart søkt om dispensasjon frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan i kommuneplanen for Lindås 2011-2023 i 2016 og 2018. Begge søknadane vart avslått. Avslaget vart grunngitt i at utbygging av området bør vurderast i ein større samanheng der mellom anna landskapsomsyn og infrastruktur vert avklart.

Plankravet i kommuneplanen for Lindås 2011-2023 er vidareført i gjeldande kommunedelplan, jf. føresegn 2.2 i kommunedelplan for Lindås 2019-2031. Kommunen kan ikkje sjå at ny utforming av fritidsbustad og betre terrengtilpassing vil endra kommunen si vurdering ved innsending av ny søknad om dispensasjon frå plankravet åleine. Vi er framleis av den oppfatning at utbygging av området må skje etter godkjend plan der både landskapsomsyn, tilkomst, parkering, vatn og avløp og andre interesser i området vert vurdert i ein større samanheng. Det må her nemnast at forhold knytt til omsynssone kulturmiljø, den indre farleia, og den marine verneplan for Lurefjorden og Lindåsosane også må ivaretakast.

Tilkomst og parkering skal skje på areal som er omfatta av pågåande reguleringsarbeid på området rundt Feste kai. Vi tilrår at ein undersøker om det er mogleg å kopla seg på dette planarbeidet.

Elles vil vi minna om at arbeidet er med utarbeiding av ny kommunedelplan for Alver kommune er starta og at det i løpet av kort tid vil verta opna for innspel til arealplanen.

Dersom det er behov for ytterlegare rettleiing eller avklaring tilrår vi at de ber om førehandskonferanse. Skjema for innsending av førespurnad finn de på kommunen sine heimesider: [Alver kommune - Førehandskonferanse](#)

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Anderssen Liv Fredrikke

Klaus Hanssens vei 40

5053

BERGEN